



Tomas Lerøy
Hoplandssjøen 47
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13190 - 20/58365

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
17.09.2020

Landbrukssak gbnr 156/3 Austrheim - Svar på søknad om nydyrking

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om nydyrking gjev Austrheim kommune v/felles landbrukskontor Tomas Lerøy løyve til nydyrking på gbnr 156/3 Austrheim.

- Kjem det fram kulturminne må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Om ikkje tiltaka er iverksatt innan 31.09.2023 fell løyvet bort.

Når det gjeld jorddeponi er dette eigen søknad og mottakk av «biorest» frå Sløvågen må ein komma attende til då ein må få meir kunnskap om produktet grunna innhald av tungmetallar, mengdar og liknande.

Saka gjeld

Tomas Lerøy sende inn søknad om nydyrking i 2019, men grunna interne forhold er ikkje saka handsama før no. Me beklagar dette og opplyser om at saka vert handsama etter forskrift om nydyrking av 27 nov 2009 nr. 1476 og ikkje etter den nye av 2 juni 2020.

Han ynskjer å dyrka areala på eigedommen for å styrka driftsgrunnlaget på garden samt å auka spreiearealet. Han har i dag ca 50 vinterføra sauer og 7500 høns.

Området består i dag av myr og jorddekt fastmark i tilknytning til eksisterande dyrka mark.

Det er i eigen søknad søkt om landbruksveg langs grensa i sør og dette vil i tillegg gje god tilkomst til arealet og auka driftsfordelar.

Det er stor kamp om areala i området og med dette vil ein styrka eige grovførareal samt å kunne selja overskotsfôr.

VURDERING:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Dei moment som skal vurderast i saka er natur- og kulturlandskapsverdiar, evt konflikt med kjende kulturminner, konflikt med vassdrag, vegrettar/tilkomst. I det siste har også dette med klimagassutslepp knytt til nydyrking av myr vorte problematisert.

Tiltaka som her er søkt om gjeld areal på ca 90daa. Ved nydyrking på areal større enn 50daa skal ein vurdere om arealet treng konsekvensutgreiing.

Myra er allereie punktert hos naboeigedommane og det er mykje grunn myr. Mykje av arealet som er søkt om vert i dag nytta som beite. Me vurderer at ei konsekvensutgreiing ikkje er nødvendig.

Saka har vore på høyring til regionale kulturmynde. Fylkeskommunen gav ikkje tilbakemelding og Fylkesmannen sin uttale ligg ved.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Området er elles omkransa av skog, myr, dyrka mark og beite og øydelegg såleis ikkje noko andre viktige naturtypar.

Ved nydyrking skal det settas igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal sonen vera minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sonen vera minst 2 meter. Som vassdrag regnes stillestående eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vassløp utan årssikker vassføring dersom det skillar seg tydeleg frå omgivelsane. Ved fare for avrenning til vassdrag skal det opparbeidast eit fangdammsystem.

Både kommunen og rådgjevingstenestane kan bistå med informasjon om ynskjeleg.

Regelverk

- Forskrift om nydyrking
- Naturmangfaldslova §§8-12

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13190

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttale til søknad om nydyrking - GBNR 156/3 - Austrheim

Uttale til søknad om nydyrking - Alver - 156/3 - Austrheim - Tomas Lerøy

Kopi til:

Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
-------------------	--------------	------	-----------

Mottakarar:

Tomas Lerøy	Hoplandssjøen 47	5943	AUSTRHEIM
-------------	------------------	------	-----------